

# Prolog til 20-årsjubileum for Vaksdal Historielag 27.11.2015

av Ingebjørg Grøsvik Dale

Gode festlyd ! Vel møtt til jubileumsfest !

Samling me har for rett å markera: Vaksdal historielag har verka i 20 år.  
Historielag er til for å læra oss alle at TID er ein storleik som kjem og går.

I kveld me møtest i mimring kring treff-punkt – har mange av dei etter 20 år.  
Kjenner på røter i felles soge, slikt sameinar, styrkjer- me stolte går.

« Lære for livet » - eit visdomsord – me søker og leitar langs strender  
Erfaringslæring – ekte kunnskap på jord – som kulturar i dalar og grender.  
Historielag er just rett organ – perfekt kontaktpunkt: Få arbeid i gang !

Eldsjeler meinte no tida var inne -ein folkeminnebank måtte grunnleggjast no  
Andre dagen i juni i år ( nitten ) nittifire, kulturkontoret dette ansvaret tok.  
No planar og arbeid kunne gå hand i hand  
Medlemmer drøfta, og styret fekk saker i gang  
Folkelivsskildring hadde funne sin plass  
« Skyttelen» - info med glede me las.

Sleksgranskingsgruppa med start i nittifem som læringsgruppe går alltid  
igjen.

Rolf Erik (Veka) utfordrar og gir hjelpende hand, motivator for folket –all  
ære til han !

Held opne møte –eit dagskurs som start –biblioteket gir rom, me er  
komne i fart

No Bygdeboka er blitt digital – er lett og handtera, me kjem lite i bal !

Historiske vandringar, reiser me tok , gjennom Eksingedalen i krik og krok.  
Høyrde soga om vegarbeid – gammalt og nytt – inn i «gammaltida» me fekk ein glytt

Då Aage (Lavik) fortalte frå «forna dar» som nedteikna var av hans bestefar.

På Daledagar i Gato me står, driv «heit» reklame for saka vår

Slike dagar dei utflytta heimover kjem

Kulturhistorisk vandring kring Børjelen

Gjennom segn og forteljing, teig og tun kjem etter fram

Ser spor av slit og arbeid - kva dei gamle fekk i stand

Lærar Helge (Dale ) fortalte – stø formidling - utan bok.

Første plog på Dalegarden fram han Olav(Hartwig Dale) tok

Historiekveldar med tema så mange

Om «Dampen med post» og om Opstadgogn

Om lovbro og sedløysa, stemning på tinget

Med Jørn( Øyrehagen Sunde) som forteljar, han sit der så logn !

Historikar John (Dale) om grunnlovsverket

folkemobilisering for Noreg som land

På kyrkjebakken sokna seg samla

for Eidsvollsmenn å gjera i stand.

Gildt før julstreff i Synken på Vaksdal

På Stamnes me møtest – et risgrynsgraut

Me deler minne frå juletider og høgtidsskikkar for folk og naut

Så syng me songen om kulde, myrker, om årstid når det er lite sol

me kjenner lengten frå barnedagar mot lys og glede ved ordet jol

Kulturminnedag på Eidsland, så gild

Mange eldsjeler jobba, dei har fått det til.

Markalører på kart – i rekkje og rad

Namn, og talet på høybører i register dei gav

Mest eit mirakel at slikt går an

Tenk at nokon enno slikt minnast kan !

Historielaget svært stolte er, for at grendafolk slikt eit arbeid gjer !

Merkevara er Årboka vår  
Har kome til jul kvart einaste år  
Årboknemnda all æra skal ha  
Tek kontakt med folk , ein jobb til « særer bra»!  
Brei folkelivskildring er komen på prent, gjennom samhandling,  
planlegging:  
Stoff ligg på vent !  
Me les og smiler ! Ja, auga vert stort og vått  
Forteljing frå levd liv – på vondt og godt !  
Årboka er blitt bestseljar hjå oss.  
Fast julehelsing til utflyttarar og slekt - i Hardanger og Voss

Historielaget sin forretningshistorie  
Me kikkar over aksla etter tjue år.  
Framsteg er gjort frå « Sogelappen»  
No på face-book og heimesida info går.  
Folk har jobba godt - sterkt interesse som driv  
For å verne kulturarv – registrera «levd liv»

Slikt arbeid er viktig, gir oss typar arkiv  
for å kunna spora soger frå forfedrars liv.  
Henta lærdom, skapa tryggleik i det å kjenna til  
Å ta avstand, halda fram med, gjera val som helst ein vil

Me flokkar oss etter til innsats under logoen vår  
Som vaktbikkje, pådrivar andsynes organ der «makta rår»  
Med Skipshelleranglar i trekant, me vonfullt mot framtida går !  
Til lukke med jubileet !